

Kulturprisen for Kviteseid kommune er på kr. 10.000,-. Med prisen følgjer eit minnediplom.

Kulturprisen kan delast ut til ein skildpersonar, grupper eller lag som har tilhald i kommunen, eller er knytte til kommunen på annan måte, **og som har gjort/gjer ein innsats ut over det vanlege innafor det utvida kulturområdet.**

Prisen kan delast ut 3. kvart år. Dersom to kandidatar vert funne likeverdige, kan prisen delast mellom desse.

**Framlegga skal vera skriftlege og grunngjevne.** Formannskapet kan på eige initiativ kome med framlegg til prisvinnarar. Fristen for å sende framlegg til kandidatar vert kunngjort i god tid før kvar prisutdeling.

Dette vert kunngjort i pressa og på FB og kommunen sin heimeside.

Det er formannskapet som avgjer kven som er vinnar av kulturprisen.